

Sluttrapport

Prosjekt	Desentralisert sjukepleie i Sogn (Sogn regionråd)
Dato	01.02.2024
Prosjektleder	Bente Mossige Ask

Hovudmålet for prosjektet var at inntil 20 tilsette i kommunane skulle starte på den desentraliserte sjukepleiarutdanning hausten 2023 med fullføring våren 2027. Ulike faktorar førte til at det er vanskeleg å seie noko om spesifikk måloppnåing:

- Det desentraliserte studiet med studiestad Førde vart ikkje oppretta
- Me fekk ikkje hente ut data frå fylkeskommune eller høgskule som gjorde det mogeleg å identifisere kor mange som fekk studieplass som konsekvens av dette prosjektet
- Det var ei samansett gruppe som var innom i prosjektet undervegs, mange trengte berre hjelp til koordinering eller spørsmål knytt til studiekraav, eller hjelp til å identifisere tilbod om støtte til å nå karakterkraav, og det var utfordrande å oppretthalde dialog med dei fleste av desse over tid.

Likevel har ein henta ein del læring frå prosjektet, og kan seie noko om kva for tiltak ein opplevde som effektfulle undervegs, samt kva for tiltak ein har identifisert som ein kan tilrå for seinare satsingar.

1. Erfaringar frå prosjektet:

A. Rekruttering av kandidatar

Knytt til rekrutteringsarbeid opp mot kandidatane opplevde me ein viss effekt frå utsending av "reklamemateriell" for studiet. Tilsvarande har nok utsending av informasjon til kommunalsjef/tenesteleiarnivå i kommunane hatt god effekt for å nå ut til flest mogeleg av dei potensielle kandidatane.

Ei sentral oppgåve for prosjektleder var vidare å vera koordinator for kandidatane, slik at dei enklast råd kunne få svar på spørsmål knytt til studiekraav, kvalifiseringsløp og søknadsprosess. Sjølve koordinatorrolla meiner me hadde god effekt, men meir knytt til læring og innsikt i kandidatane sine behov enn direkte hjelp til kvar enkelt kandidat, då dei fleste måtte visast vidare til høgskule eller fylkeskommune.

Me har gode erfaringar med samarbeidet med "Grip Sjansen"-ordninga hjå Vestland fylkeskommune. Dei koordinerte søknadar frå kandidatane og bidrog med mykje støtte i kartleggingsfasen knytt til kva for fag/timetall spesifikke studentar måtte fullføre for å kvalifisere. Samstundes er det avgrensa kva denne ordninga kan bidra med for den aktuelle kandidatgruppa. «Grip Sjansen» formidlar tiltak for kandidatar som treng generell studiekompetanse, men ikkje tiltak for kandidatar som skal forbetre karakterar.

Erfaringar frå prosjektet tilseier vidare at opptakskontoret ved HVL ikkje fullt ut fyller rolla si som støtte eller koordinator for kandidatane i forkant av søknad. Det vart frå mange av kandidatane uttalt at dei ikkje fekk svar, eller at det tok lang tid å oppnå kontakt.

Det vart også jobba med å koordinere kompensasjonsordningar for sjukepleiarstudentane mellom kommunane. Dette er kanskje det tiltaket prosjektet har fått flest tilbakemeldingar om frå kandidatane; sjukepleiarstudiet er eit krevjande studieløp, med periodevis praksis som medfører at studenten ikkje har inntekt i relativt lange periodar. Gode kompensasjonsordningar opplevast såleis som det viktigaste og mest effektive rekrutteringstiltaket for å rekruttere fleire til deltidsstudiet.

B. Oppfølging knytt til opptak

Det var særst vanskeleg å kunne utøve oppfølging knytt til opptak ved HVL, sidan me ikkje visste kven som hadde søkt, kven som hadde fått plass på eller fullført kvalifiserande fag, eller kven som til slutt fekk studieplass. Det vart heller ikkje opplevd som ynskjeleg frå kandidatane med denne type oppfølging etter at søknad var sendt.

C. Ivaretaking av fristar

Mi oppleving er at kandidatane som var i gang med kvalifiserande løp, eller skulle søkje på grunnlag av eksisterande kompetanse, sjølve hadde god oversikt over fristane knytt til dette.

D. Vidare handsaming og tilrettelegging

Prosjektet har ikkje oversikt over kven av kandidatane som fekk studieplass, heller ikkje fordeling i kommunane mellom desse, og har såleis ikkje gjennomført tiltak for vidare oppfølging. Dei tilbakemeldingane me har fått tilseier at kandidatar som er i gang med sjukepleiarstudiet blir godt nok ivaretekne av eigen arbeidsplass/kommune, og at det ikkje er behov for andre tiltak knytt til dette

2. Tilråding for eventuelle vidare tiltak på kort sikt

- Informasjon til kommunalsjefgruppe helse om at det er opptak til desentralisert studie i Førde i 2024, med frist 15.april. Etter dette er neste opptak i 2026.
- Oppmode einingsleiarar om å reklamere for studiet blant sine tilsette, og om å ha eit bevisst forhold til korleis ein kan støtte og oppmode kandidatar til å søke og i studieløpet.
- Oppmode kommunane om å utarbeide gode kompensasjonsordningar til studentane.

3. Tilråding for eventuelle vidare tiltak på lang sikt

Dersom ein ynskjer å vidareføre dette prosjektet til også å arbeide inn mot opptak til desentralisert sjukepleiestudie i Førde i 2026 kan følgjande tiltak tilråast:

- Arbeide mot HVL for å få studiet så tilrettelagt som mogeleg. Dette inkluderer t.d. bruk av nettbasert undervisning, organisering av fleirdags-samlingar slik at det blir færre reiser, organisering av praksis slik at denne kan gjennomførast så enkelt som råd for studentane, samt ny søknad frå HVL om dispensasjon frå karakterkrav/andre fagspesifikke krav knytt til studiet.
- Etablere eit samarbeid med "Grip Sjansen"-ordninga hjå Vestland fylkeskommune, og arbeide opp mot denne for å få på plass eit tilbod også for dei som treng støtte til å oppnå karakterkrava sjukepleiarstudiet stiller. Dette kan inkludere informasjonsarbeid, bruk av søknadsordninga som startpunkt/koordineringspunkt for kandidatane som ikkje fyller opptakskrava, og t.d. delfinansiering av studieplassar i vgs for denne gruppa. Les meir om Grip Sjansen her: [Grip sjansen og fullfør vidaregåande opplæring - Vestland fylkeskommune](#).
- Arbeide for å få på plass betre kompensasjonsordningar i kommunane. Dette kan t.d. inkludere "studentstillingar" med permisjon med løn i praksisperiodar, støtte til reiseutgifter, tilpassa turnus for å gjere det mogeleg for studenten å ha inntekt attmed studiet, organisering av kontaktperson/støtte/mentor i eigen kommune mm.